



Arkivnr: 2017/2708-2
Saksbehandlar: hans Inge Gloppen

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 30.03.2017 |

Bruk av Regionale utviklingsmidlar i kommunar med særskilte distriktsutfordringar

Samandrag

Det er ei utfordring for Hordaland fylkeskommune at Kommunal - og moderniseringsdepartementet (KMD) vil at aktivitetar og verkemidlar skal styrast mot kommunar som både skårar lågt på «Distriktsindeksen for 2016», og ligg innanfor virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Konsekvensen av dette er at økonomisk støtte til meir sentrale strøk, der næringslivet mange stader i Hordaland har store utfordringar, kjem svært dårleg ut. Samstundes er det gjerne desse områda som har det største utviklingspotensialet, og som ofte er drivarane for næringslivet i resten av regionen.

I oppdragsbrevet frå KMD går det fram at fylkeskommunane sjølv kan vurdere kva for område som har særlege distriktsutfordringar i sitt fylke, jf. Distriktsindeksen. Desse områda kan vere utanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. I denne saka tar fylkesutvalet stilling til kva område i Hordaland som har særlege distriktsutfordringar.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet rår til at Regionale utviklingsmidlar over Statsbudsjettet Kap 550, post 60 Inkluderande og vekstkräftige lokalsamfunn, kan nyttast i alle kommunar i Hordaland som scorar svakare enn indekstalet 80 på den nasjonale Distriktsindeksen, utarbeidd for 2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.03.2017

1. Bakgrunn

Dei statlege føringane i det årlege tildelingsbrevet frå KMD er sentralt for verkemiddelbruken knytt til «Handlingsprogram for næring- og samfunnsutvikling i Hordaland» (HNH 2017). I oppdragsbrevet for 2017 er midlane som Hordaland fylkeskommune skal forvalte fordelt på fylgjande innsatsområde:

Kap. 550, post 64 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn – 18,5 mill. kr

- Fylkeskommunane vurderer kva for område som har særlege distriktsutfordringar i sitt fylke. Desse områda kan vere utanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.

Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikl. av næringsmiljø og tilgang til kompetanse – 7,0 mill. kr

- Løyvinga skal vere med på å skape omstillingsdyktige regionar gjennom å leggje til rette for velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse. Målet er å mobilisere til samarbeid mellom bedrifter i næringsmiljø og til koplingar mellom bedrifter og relevante utdanningsmiljø for å møte kompetansebehovet i næringslivet.

Kap. 553, post 65 Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden – 9,0 mill. kr

- Løyvinga skal styrkje næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar/regionar som opplever ein vesentleg reduksjon i sysselsetjinga.

Midlane knytt til Kap. 553 post 60 og 65 kan nyttast over heile fylket etter behov. Når det gjeld 18,5 mil. kroner som er sett av på Kap. 550, post 64 skal fylkeskommunen sjølv vurdere kva for område som har særlege distriktsutfordringar.

2. Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn (Kap. 550, post 64)

Målet med posten er å fremje inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Midlane skal nyttast til å auke attraktiviteten for befolkning og næringsliv.

Fylkeskommunane vurderer kva for område som har særlege distriktsutfordringar i sitt fylke, jf. eige punkt med oversikt over distriktsindeksen 2016. Desse områda kan vere utanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte (Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal)

Verkemiddelbruken skal rettast mot lokale utfordringar og mål. Arbeid for å auke attraktiviteten er mangfaldig. Prosjekt og tiltak innafor denne posten vil difor vere ulike. I mange samanhengar utløyser midlane lokalt og regionalt samarbeid i større prosjekt. Tiltaka skal bidra til attraktive lokalsamfunn, som legg til rette for næringsutvikling og å inkludere tilflyttarar. Kriteria for måloppnåing er nye arbeidsplassar, søkjarar til ledige stillingar, at lokalsamfunna beheld tilflyttarar og grad av deltaking i frivillige organisasjonar.

Det skal i vurderingane av dei ulike prosjekta leggjast vekt på klare mål, konkret vurdering av resultat og læring for vidare arbeid, samt

- god lokal forankring, det vil seie at prosjekta skal følgje opp strategiar og planar med konkrete tiltak
- tverrsektorielt samarbeid, der ein samlar ressursar for å oppnå størst mogleg samfunns effekt
- tiltak som bidreg til å byggje kunnskap og informasjonsdeling lokalt, regionalt og/eller nasjonalt.

Fylkeskommunane avgjer sjølve korleis dei vil organisere arbeidet. Det kan skje gjennom eiga verksemd, kommunar og regionråd, statlege verksemdar eller ved utlysing. Fylkeskommunane er ansvarlege for at det blir fastsett kriterium for tildeling som er tilpassa lokale og regionale utfordringar og strategiar.

3. Distriktsindeksen 2016

Distriktsindeksen er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune (eller BA-region), som samtidig skal spegla målsettingar i distrikts- og regionalpolitikken. Sentralt i distriktsindeksen er indikatorar som indikerer føresetnader for utvikling og indikatorar som indikerer faktisk utvikling. Distriktsindeksen vert brukt til å samanlikna kommunar og regioner med kvarandre, mellom anna i samanheng med fordelinga av

distriktstilskotet i Sør-Norge, og som verktøy i avgrensing av distriktspolitisk verkeområde. Distriktsindeksen er konstruert slik at den er etterprøvbar. Alle data er offentlig tilgjengeleg statistikk. I tabellen under er det ei oversikt over indikatorar, emnegrupper og vektorer i Distriktsindeksen 2016:

| Indikatorer, emnegrupper og vektorer i Distriktsindeksen 2016 | | Vekting | |
|---|--|------------|------------|
| Gruppe | Indikator | Indikator | Gruppe |
| Geografi | Sentralitet | 20 | 40 |
| | Befolkningstetthet | 10 | |
| | Reisetid til Oslo | 10 | |
| Demografi | Befolkningsvekst siste ti år (%) | 20 | 30 |
| | Del av befolkninga, 67 år og over | 5 | |
| | Del kvinner i aldersgruppa 20–39 år | 5 | |
| Arbeidsmarknad | Del yrkesaktive (bustad) i aldersgruppa 20–64 år | 10 | 20 |
| | Vekst i sysselsettinga siste ti år | 10 | |
| Levekår | Inntekt per skatteyter, 17 år og over | 10 | 10 |
| Sum vektorer | | 100 | 100 |

Med dette som utgangspunkt vart kommunane i Hordaland rangert slik i 2016:

| Distriktsindeksen 2016 | |
|------------------------|--------|
| Kommune | Indeks |
| 1246 Fjell | 88,8 |
| 1247 Askøy | 88,4 |
| 1243 Os | 87,5 |
| 1256 Meland | 83,3 |
| 1201 Bergen | 82,4 |
| 1245 Sund | 78,2 |
| 1263 Lindås | 76,9 |
| 1259 Øygarden | 76,1 |
| 1244 Austevoll | 74,4 |
| 1216 Sveio | 71,7 |
| 1264 Austrheim | 70,6 |
| 1221 Stord | 69,8 |
| 1253 Osterøy | 65,7 |
| 1241 Fusa | 60,3 |
| 1260 Radøy | 59,4 |
| 1219 Bømlo | 59,0 |
| 1222 Fitjar | 56,1 |
| 1242 Samnanger | 55,6 |
| 1211 Etne | 46,7 |
| 1235 Voss | 46,0 |
| 1252 Modalen | 45,4 |
| 1266 Masfjorden | 44,5 |
| 1223 Tysnes | 43,3 |
| 1238 Kvam | 40,9 |
| 1232 Eidfjord | 40,7 |
| 1251 Vaksdal | 38,2 |
| 1224 Kvinnherad | 33,2 |
| 1231 Ullensvang | 31,0 |
| 1227 Jondal | 28,0 |
| 1234 Granvin | 27,0 |
| 1233 Ulvik | 26,0 |
| 1228 Odda | 24,7 |
| 1265 Fedje | 17,6 |


4. Særleg distriktsutfordringar i Hordaland

Det er ei utfordring at KMD vil at aktivitetar og verkemidlar skal styrast mot kommunar som skårar lågt på Distriktsindeksen for 2016. Konsekvensen av dette er at økonomisk støtte til sentrale strøk, der næringslivet mange stader i Hordaland no har store utfordringar, kjem svært dårleg ut. Samstundes er det gjerne desse områda som har det største utviklingspotensialet, og som ofte er drivarane for næringsliv i resten av regionen. I Hordaland representerer virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte omlag 13 % av folketallet og arbeidsløysa er marginal.

Med dette som grunnlag vil fylkesrådmannen difor føreslå at Hordaland fylkeskommune også rettar innsatsen mot område og kommunar som har store utfordringar, sjølv om dei ligg høgt på Distriktsindeksen for 2016. Etter fylkesrådmannen si meining er det då naturleg å ta utgangspunkt i ferske tal for arbeidsløysa i Hordaland.

Datagrunnlaget for distriktsindeksen er basert på statistikk som går nokre år tilbake i tid. Til dømes er ein av indikatorane vekst i sysselsettinga frå 4. kvartal 2004 til 4. kvartal 2015. Delar av talmaterialet har dermed ikkje fanga opp den dramatiske utviklinga i leverandørindustrien til olje- og gassbransjen på Vestlandet dei to siste åra. Ferske tal frå NAV viser at arbeidsløysa i vårt fylke er stigande, og til dels dramatisk høg i enkelte regionar (sjå tabell).

Endring i arbeidsløysa for fylka i prosent – januar 2017 samanlikna med januar 2016



| Regioner | Antall ledige Januar 2017 | Endring i % | Prosent ledige av arbeidsst yrken |
|-------------------|------------------------------|-------------|--|
| Bergen | 5 524 | +8% | 3,6% |
| Sunnhordland | 1 246 | -7% | 4,1% |
| Voss og Hardanger | 553 | +11% | 2,6% |
| Midthordland | 599 | +22% | 3,7% |
| Region Vest | 1 570 | +19% | 4,5% |
| Nordhordland | 817 | -3% | 3,7% |

Endring i talet på heilt arbeidslause - Regionar i Hordaland januar 2017 samanlikna med januar 2016.

Fylkesrådmannen si vurdering

Tabellane over syner utviklinga i talet på arbeidslause i regionane i fylket det siste året. Regionane Vest, Midthordland og Voss og Hardanger har hatt ei særleg negativ utvikling. Med dette bakgrunnsteppet vil fylkesrådmann freiste å auke handlingsrommet for bruken av dei Regionale utviklingsmidlane over kap 550, post 64, innanfor distriktsindeksen. Det er viktig å kunne rette innsatsen av verkemidla mot dei kommunane som treng det mest.

Fylkesrådmann rår til at kommunar som scorar heilt opp til 80 på distriktsindeksen kan vere omfatta av desse midlane. På denne måten vil særleg råka kommunar som Øygarden, Sund, Lindås og Stord også kunne verte tildelt midlar frå Kap 550.64.

Kommunane som ligg over 80; Bergen, Fjell, Os, Meland og Askøy, vert slik ikkje vurdert til å vere kommunar med særskilte distriktsutfordringar. Prosjektmidlar til desse kommunane må difor takast frå innsatsområda «Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikl. av næringsmiljø og tilgang til kompetanse og «Kap. 553, post 65 Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden». I tillegg vil ein prioritere å nytte midlar frå fylkeskommunen sin budsjettpost «HNN-Fylkesmidlar» i desse kommunane.